

**Nordhordland kompetanseregion**  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring  
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

# Referat frå styremøte 02/18 - 22.03.18.

Referat vert sendt til HTV i medlemskommunane til orientering.

Møtet fann stad på Nordhordland folkehøgskule, Frekhaug. Veslestova.

Desse møtte: Alf Strand, Ragna Midtbø, Olaf Michal Hella, Astrid Brandal Øvsthus. Kristin Moe deltok frå sak 17. Mette Marei Træland (barnehagegruppa) deltok på sak 15-17.

Meldt forfall: Linda Husa, Reidun Johannessen, Bodil Boie Brekkan.

## 15/18 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

**Godkjent**

## 16/18 GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 15.02.18

**Godkjent**

## 17/18 DESENTRALISERT KOMPETANSEUTVIKLING

### A: Desentralisert kompetanseutvikling

Gjennomgang av oversyn innmelde behov. Nokre av kommunane har eigne utviklingsarbeid i gang.

Drøfting.

#### Vidare arbeid:

1. Kva midlar får me? Avventar resultat drå drøftingsmøte 22.03.18 hjå Fylkesmannen. Vurdere kor mykje me får til for dei midlane me får tildelt.
2. Behov for analysekompetanse hausten 2018. Høgskulen innlandet/NTNU er ønska kompetansemiljø.
3. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe: Linda Husa, Astrid Øvsthus og koordinator. Arbeidsgruppa utarbeidar ei bestilling og riggar tilbod til dei kommunane som har meldt behov frå hausten 2018. Dette skal vere skulebasert kompetanseutvikling

organisert som felles samlingar med fagpåfyll – rettleiing til skulane, utviklingsfokus i høve til interne behov. Viktig at skulane sin ståstad ligg til grunn. Det vert vert henta innspel frå dei kommunane som skal delta: Osterøy, Masfjorden, Modalen, Austrheim, Fedje. Drøfting med kompetansemiljøet som vert valt. Lage eit opplegg til dei som skal starte hausten 2018.

**Sak på neste møte.**

## **B: Leiarutviklingsrekke**

Leiarutvikling er eit eige tiltak i NKR sin kompetanseplan, men må sjåast i samanheng med desentralisert kompetanseutvikling. Olaf og Astrid orienterte om sitt framlegg. Framlegget er sendt ut på e-post. KS skal ha ein konferanse i Oslo i mai. Det er ynskeleg at styret og koordinator kan delta på denne konferansen.

Kommunane kan søkje om OU-midlar til leiarutvikling. OU-midlane vil ikkje fullfinansiere, men kan få støtte til innleiarar.

### **Vidare arbeid:**

1. Deltaking frå styret og koordinator på KS-konferanse 8. og 9. mai i Oslo
2. Avklarer vidare konkretisering av leiarutvikling
3. Det vart sett av datoar hausten 2018: 17. og 18. oktober

Leiarutviklingsrekka vert sett opp som eiga sak på neste møte

## **Heilskap og samanheng:**

Det er viktig at det er heilskap og samanheng i det me gjer i Nordhordland. Planlegg og set fokus på førebuing og etterarbeid slik at det ikkje vert «happeningar».

### **Kapasitetar til Norhordland framover:**

- NKR har avtale med Thomas Nordahl febr. 2019.
- Lindås har avtale med James Nothingham til planleggingsdag 08.11.19.
- Osterøy skal ha eit opplegg med James Nothingham hausten 2018.
- Behov for ein felles kalender i Nordhordland med oversyn på det som skjer.

Desentralisert kompetanseutvikling er sak på neste møte.

## **18/18 REGIONAL SKULELEIARSAMLING**

**Styret drøfta saka.**

Konklusjon: Vert innkorporert i leiarutviklingsrekka som er under planlegging. Går ut.

## **19/18 SPRÅKOPPLÆRING OG INKLUDERING**

I 2017 var det dialog med Hordaland fylkeskommune om oppstartsklasse/innføringsklasse. For neste skuleår er det ikkje meldt inn noko. Lindås har ei gruppe elevar som går ut frå 10. kl som vil ha behov for meir. Dei kommunane som var tilstades hadde ikkje elevar. Ein ser at det er ei avvegning i høve til reiseveg og kvalitet på tilbodet. 10. klassingar som ikkje har god nok kompetanse i norsk får eit tilbod på vaksenopplæringa/gjennomfører prøvar på vaksenopplæringa på grunnskulenvå.

**Konklusjon: Elevane er søkt inn. Det er viktig med dialog med VGS for å sikre god overgang.**

## **20/18 OPPLÆRINGSLOVA § 9A -2**

Stikkord frå drøftinga:

- Skulane har saker. Det vert utarbeidd tiltaksplanar. Kommunanen har erfart at Fylkesmannen orienterer skulen/kommunen om kontaktar med elev/foreldre.
- Lov. Kommunale retningslinjer. Ordensreglement. Revisjon. Rutinar fungerer godt.
- Erfarer at når ting er litt komplisert, så kan me gå litt for lenge på nivå 1, før det vert løfta opp.

## **21/18 LOKALT GITT EKSAMEN 2018**

**Sensorsamling 21.03.18** – 24 deltakakrar. Bodil Boie Brekkan + praksisforteljingar frå Knarvik ungdomsskule og Årås skule. Gruppearbeid, fag, refleksjon, erfarringsdeling. Tilbakemeldningar om at dette var nytig.

- Innspel på at dette er eit behov som er kvart år.
- Innspel på ynskje om at det vert arrangert fagdagar med erfarringsdeling og grupppearbeid når nye fagplanar kjem.

**Status sensortilgang:** Har fått inn 66 sensorar. Ventar på svar frå 2 skular. Sensorfordeling vert sendt ut etter påskeferien.

## **22/18 ÅRSMELDING 2017**

Siste versjon vert sendt ut saman med referatet. Skulefagleg ansvarlege distribuerer i eigne kanalar.

**Vedtak: Årsmelding for 2017 vart godkjent.**

## **23/18 MØTEPLAN HAUSTEN 2018**

**Møteplan hausten 2018:**

Fredag 31.08.18

Skuleleiarsamling 18.-19.oktober 2018 (rekka som er under planlegging)

Fredag 02.11.18

Fredag 14.12.18 (julemøte)

## **24/18 SKRIV OG MELDINGAR**

a) Kurs og samlingar sidan sist:

- 16.02.18: 2. Samling nyutdanna, nytilsette, barnehage
- 20.02.18: Textpilot, Strilatun 46
- 21.02.18: Textpilot, Strilatun 46
- 22.02.18: Textpilot , Strilatun 48
- 23.02.18: Regional styrarsamling, Dampen 45
- 06.03.18: 2. Samling for nyutdanna, nytilsette, skule

b) Ny kursbase: Teken i bruk.

<https://nordhordland.knowledgeportal.no/#/mylearning/mycontent/all>

c) LMS-anskaffelse. Framdrift som planlagt.

d) Val av ny styreleiar vert gjort i møte 22.06.18. Det er Lindås kommune som står for tur. Ny styreleiar overtek frå 01.08.18.

## **25/18 STATUS-SAMTALE KOORDINATOR**

Saka vart utsett.

## **26/18 MOGELEGE ANDRE SAKER**

- Kommunane erfarer at det er færre søker til ledige stillingar
- Pedagogtetthet - Bemanningsnorm i barnehagar
- Lærarnormen – høyring med frist 22.05.18

03.04.18

Alf Strand  
Styrelseiar

Dina Dyrhovden  
koordinator